

Vedtekter for skulefritidsordninga i Luster

Nye vedtekter gjeldande frå 01.03.2025.

Vedteke av Luster kommunestyre 27.02.2025. Desse vedtektene erstattar kommunale SFO-vedtekter gjeldande frå 01.01.2023.

§ 1 Grunnlag for vedtektene

Vedtektene for skulefritidsordninga (SFO) er tufta på opplæringslova § 4-5, opplæringslova kapittel 12 Skulemiljøet til elevane, særavtale SFS 2201 og forskrift om nasjonal rammeplan for SFO gjeldande frå 1. august 2021.

§ 2 Omskulefritidsordninga

SFO er eit friviljug tilbod før og etter skuletid for barn på 1.–4. årstrinn og for barn med særskilde behov på 1.–7. årstrinn. SFO skal vera ein trygg opphaldsplass for barna som skal gje barna omsorg og tilsyn, leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og vera tilpassa behova til barna og dei føresette. Det skal leggjast vekt på eit godt samarbeid mellom heim, skule og nærmiljø.

Innhaldet og organiseringa av skulefritidstilbodet skal vera i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande nasjonale reglar og planar som gjeld for Luster kommune.

Kapittel 12 i opplæringslova om elevane sitt skulemiljø gjeld også for SFO, jf. opplæringslova § 12-1. Etter § 12-2 har alle elevar rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

Barn har rett til å uttala seg om det som vedkjem dei, jf. barnekonvensjonen artikkel 12, og skal ha høve til å ta del i det som omfattar livet deira i skulefritidsordninga. Det skal leggjast vekt på barn sine synspunkt i samsvar med alder og modning.

§ 3 Eigarskap

Luster kommune eig og er ansvarleg for drifta av SFO i kommunen. Kommunedirektøren er forvaltingsorganet for SFO i Luster kommune. Det er rektor som er tillagt det daglege pedagogiske og administrative ansvaret for SFO.



§ 4 Opptaksmyndigheit og klagerett

Opptak til SFO vert føreteke av kommunedirektøren. Opptaksmyndet er delegert til rektor. Avslag eller innvilga plass i SFO er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klagen må vera skriftleg og skal sendast til kommunen. I klagen må det visast til kva avgjerd det vert klaga på, og klagen bør grunngjevast. Klagefristen er tre veker.

Ved klage er kommunedirektøren underinstans, og klagenemnda i kommunen, formannskapet, er klageinstans.

§ 5 Opptakskriterium

I utgangspunktet skal SFO gje plass til alle barn som ønskjer å delta i ordninga. Dersom dette skulle visa seg praktisk vanskeleg – til dømes av plassomsyn – vert opptak gjort etter desse prioriteringane:

- 1 barn med særskilde behov på 1.-7. trinn ut frå faglege vurderingar
- 2 barn på 1. trinn
- 3 yngre barn går føre eldre barn

Barn med særskilde behov har ikkje rett til individuelt tilrettelagt opplæring i skulefritidsordninga fordi skulefritidsordninga ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa. I og med at det er ulike reglar som gjeld for grunnskuleopplæringa og for skulefritidsordninga, kan det vera at det einstilte barn si trong for tilsyn kan vera ulikt i opplæringa og i skulefritidsordninga.

§ 6 Opptaksperiode og oppseiing av plass ved SFO

Søknadsfrist for plass i SFO er 1. februar. Søknadsskjema for SFO finn ein på kommunen si heimeside. Føresette treng ikkje søkja kvart år. Når barnet har fått tildelt SFO-plass, har barnet dette til og med 4. årstrinn – eventuelt til og med 7. årstrinn for barn med særskilde behov – eller til plassen vert skriftleg sagt opp.

Luster kommune tilbyr fire ulike SFO-plassar: 25 %, 50 %, 75 % og 100 % plass. Opningstida til SFO varierer mellom dei ulike skulane. Som følgje av dei ulike opningstidene er det også skilnad i kva plassalternativ som vert tilbydd ved den einstilte SFO.

Oppseiing / endring av plass i SFO skal gjerast med 1 månads varsel med verknad frå den 1. i påfølgande månad. Skriftleg oppseiing skal gjerast gjennom Visma Flyt Skole.

Ein må betala i oppseiingstida sjølv om plassen ikkje vert nytta. Ved endring av plass til ein mindre plass gjeld oppseiingstida som for oppseiing. Ved endring til større plass gjeld betaling frå avtala endringsdato.

Dersom det let seg gjera praktisk og det er kapasitet, er det også høve til å ta opp barn i ordninga undervegs i skuleåret.

Det gjeld eigne fristar for påmelding til skuleferiar. Dette vert administrert av den einskilde SFO. Påmelding til SFO i sommarferien skal skje før 1. mai. Skulestartarar og andre nye elevar til nytt SFO-år kan starte frå og med 1. august.

§ 7 Foreldrebetaling

Betalingsssatsane for SFO vert fastsett årleg av kommunestyret i samband med årsbudsjettet. Det vert betalt for opphald i 9,5 månader. Betalingsfrie månader er halve juni, heile juli, halve august og halve desember. Det er eigne dagsatsar for kommunen sitt SFO-tilbod i skuleferiar, inneklemda dagar og i sommarferien.

Moderasjonar og tilbod om gratis SFO:

- Det vert gjeve 30 % søskenmoderasjon. Dersom det er samanfall mellom SFO og leksehjelp, vert det gjeve frådrag for timane med leksehjelp.
- Det er innført 12 timar gratis SFO per veke frå 1. trinn til og med 3. trinn frå og med skuleåret 2024/25. Gratis kjernetid gjeld også i feriane til skulen.
- Barn med særskilde behov på 5.-7. trinn skal ha gratis tilbod i SFO.
- Kommunen skal etter søknad gje reduksjon i foreldrebetalinga, slik at den per barn utgjer maksimalt 5 % av inntekta til husholdinga, jf. nasjonal moderasjonsordning.
- Det vert gjeve 30 % syskenmoderasjon ved søsken i SFO. Ved to søsken i SFO vert det gjeve 50 % moderasjon. Dersom det er samanfall mellom SFO og leksehjelp, vert det gjeve frådrag for timane med leksehjelp.

Matpengar for SFO kjem i tillegg til gjeldande betalingsssatsar. Dette gjeld også for barn som har fått innvilga redusert foreldrebetaling og for barn som har gratis SFO. Matpengar vert fastsett årleg i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet. Barn har med eigen matpakke for morgonøkta i SFO.

Det er bindande påmelding til SFO i feriane inkludert sommar-SFO.

Dersom barnet er vekke frå SFO-plassen sin ein månad eller meir grunna skade/sjukdom, kan ein få fritak frå første dag i etterfylgjande månad som barnet vert teke ut av SFO. Føresette må i slike tilfelle senda ein skriftleg søknad til kommunen om fritak for betaling for den perioden barnet er vekke og leggja ved legeerklæring.

Ved manglende betaling kan kommunen seie opp plassen med ein månads varsel dersom skuldig beløp ikkje er betalt innan tre veker etter andre purring, eller dersom det ikkje er inngått avtale med kommunen ved økonomiavdelinga om nedbetalingsplan.

§ 8 Leike- og opphaldsareal

Skulefritidsordninga bør ha ein eigen base i skulen. Der dette ikkje let seg gjera grunna praktiske omsyn eller lågt barnetal, kan ein eventuelt inngå eit samarbeid med barnehagen. Det skal leggjast til rette for at barna kan ha eit rom for rolege aktivitetar.

Generelle krav som vert stilt til leike- og opphaldsarealet er dei same som gjeld for skulen. Krava er dei som kjem fram av opplæringslova kap. 12, folkehelselova, arbeidsmiljølova, forskrift om miljøretta helsevern og plan- og bygningslova.

Skulefritidsordninga disponerer areala ute og inne ved den einskilde skule som er eigna til føremålet.

§ 9 Opphalds- og opningstider

SFO følgjer i utgangspunktet skuleåret. SFO er ope før og etter skuletid ut frå brukarbehova ved den einskilde skule, og skal tilpassast opningstida til nærliggjande barnehage.

Alle SFO har fem planleggingsdagar i løpet av eitt skuleår, og då er SFO stengd.

Planleggingsdagane til SFO er vanlegvis samanfallande med planleggingsdagar på skulen.

SFO i skuleferiar

- Julaftan og nyårsaftan er skulefritidsordninga stengd. Onsdag før skjærtorsdag stengjer skulefritidsordninga kl. 12. Skulefritidsordninga er stengd på planleggingsdagar for SFO-personalet.
- I haust-, jule-, vinter- og påskeferien og på inneklemda dagar, er SFO-tilbodet i kommunen i hovudsak avgrensa til Gaupne barneskule og Hafslo barne- og ungdomsskule. Dette tilbodet er ope for barn frå alle krinsar i kommunen. Ordninga med gratis 12-timar SFO per veke for 1.-3. trinn gjev også tilbod to dagar pr veke i skuleferiane. Desse dagane må avklarast på førehand.
- I sommarferien er det heildags SFO-tilbod ved Gaupne barneskule og Hafslo barne- og ungdomsskule unnateke dei tre siste vekene i juli (fellesferien) då sommar-SFO er stengd. Sommar-SFO i Gaupne og på Hafslo er ope for barn frå alle krinsar i kommunen. Informasjon om sommar-SFO vert sendt ut til alle føresette i Luster i slutten av april kvart år. Ordninga med gratis 12-timar SFO per veke for 1.-3. trinn gjev også tilbod to dagar pr veke i sommar-SFO. Desse dagane må avklarast på førehand.
- Det må vere minst tre påmelde barn for at SFO skal vera ope i skuleferiane, på inneklemda dagar og på sommar-SFO.



- Barn som til vanleg ikkje har SFO-plass, har høve til å kjøpa dagplass ved Gaupne skule eller Hafslo barne- og ungdomsskule i feriar og på inneklemda dagar til ein dagsats som er lik satsen ein betalar for SFO i sommarferien.

§ 10 Leing og bemanning

Det er rektor ved den einskilde skule som er leiar for SFO og har det overordna administrative, økonomiske og pedagogiske ansvaret.

Ved oppvekstsentra har rektor ein ressurs på minimum 8 % som pedagogisk og administrativ leiar. Ved Gaupne skule og på Hafslo barne- og ungdomsskule har rektor minimum 20 % ressurs som pedagogisk og administrativ leiar. Ved Gaupne skule og Hafslo barne- og ungdomsskule er det også oppretta funksjon som SFO-koordinator for å handtere den daglege drifta. Det vert avsett inntil 70 % ressurs til SFO-koordinator til praktisk planlegging og samarbeid med rektor. Rektor kan delegere mynde og oppgåver til SFO-koordinator, men er likevel SFO sin øvste leiar. SFO-koordinator har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet sine saker som gjeld SFO.

SFO skal ha bemanning og kompetanse som er fagleg forsvarleg og minimum i samsvar med lov og avtaleverk. Bemanninga i tal stillingar vert fastsett av kommunedirektøren ut frå talet barn i ordninga på skuledagar og på fridagar / i feriar, dagleg opphaldstid og tal barn totalt.

Grunnbemanninga skal som utgangspunkt vera ein vaksen per 12 barn. Ved vurderinga av bemanninga skal det takast særskild omsyn til barn med nedsett funksjonsevne og tal barn med særlege behov.

Bruk av tid til planlegging skal koma fram i årshjul / årsplan for skulen / SFO. Planleggingstid eller tilrettelegging skal inngå i vekeplanane og utgjera gjennomsnittleg minst 5 % av arbeidstida. Dei tilsette må sikrast tid til planlegging og samrådingstid med andre tilsette og med SFO-koordinator/rektor. Planleggingstida må vera i høve til stillingsstorleiken.

§ 11 Politiattest

Alle som vert tilsette i skulefritidsordninga må leggja fram politiattest, jf. opplæringslova § 17-11.

§ 12 Teieplikt

Personalet ved SFO har teieplikt etter dei retningslinjene som gjeld i forvaltningslova § 13.



§ 13 Opplysningsplikt

Opplæringslova § 24–3 omfattar både ei opplysningsplikt på eige initiativ (meldeplikta) og ei plikt til å gje opplysningar etter pålegg frå barnevernstenesta.

§ 14 Skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke

Elevar som har plass i skulefritidsordninga, jf. opplæringslova § 4-1 fjerde ledd, og som på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom har rett til skyss til og frå skulefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og skulefritidsordninga.

§ 15 Forsikring

Barn i SFO er kollektivt ulukkesforsikra for den tida dei oppheld seg på skulen, på utflukter, reiser og liknande som er arrangert av skulen/SFO, og på direkte veg til og frå skulen/SFO.

§ 16 Gyldigheita til vedtektene

Vedtektene vert vedtekne av kommunestyret og er å rekne som ei lokal forskrift. Kommunedirektøren får fullmakt til å føreta mindre endringar av ikkje-prinsipiell karakter og endringar som følgjer av nasjonale lov- og forskriftsendringar forskriftsendringar og kommunale og sentrale vedtak. Administrative endringar av vedtektene vert sendt til kommunestyret til orientering.